



Storneset AS
Leknesvegen 9
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/73 - 19/3630

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
31.01.2019

Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/400 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 079/19

Tiltakshavar: Storneset AS
Heimelshavar: Storneset AS
Heimel: Plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5

Det vert vist til pålegg om retting og tvangsmulkt av 05.02.18. Det vart fatta vedtak om tvangsmulkt frå 16.03.18 dersom ikkje tilhøvet var retta. Kommunen fulgte ikkje opp med innkrevjing av tvangsmulkt frå dette tidspunktet og finn det ikkje rimeleg å krevje inn tvangsmulkt så langt tilbake i tid. Det vert difor fatta nytt vedtak i saka som kommunen no vil nytte til å starte innkrevjing av tvangsmulkt.

Det vart i e-post av 15.01.19 bedt om attendemelding om status i sak, men kommunen har ikkje fått svar på denne e-posten.

Då førre pålegg og vedtak om tvangsmulkt ikkje har blitt fulgt opp, finn ikkje kommunen grunnlag for å gje vesentleg tidsfrist på å rette opp i forholdet. Tvangsmulkt vil difor gjelde frå 01.03.19.

Ansvar

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedomsregisteret til grunn at du er eigar av eigedomen. Det er eigars ansvar å syte for at reglane i plan- og bygningslova (pbl.) vert halde.

Saka gjeld

Kommunen legg til grunn at det er etablert avkøyrsløse og parkeringsplass på dykkar eigedom, utan at det ligg føre løyve til dette. Tiltaket er etablert i strid med gjeldande reguleringsplan. Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. § 20-1 bokstav l om søknadsplikt.

Saksopplysningar/grunngeving

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

Pålegg om retting



Kommunen kan med heimel i pbl. § 32-3 krevje retta tilhøve som er i strid med plan- og bygningslova:
«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndigheten gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid».

Pålegg kan etter pbl. § 32-3, 4. ledd, tinglysast som hefte på eigendomen om tiltaket ikkje vert ført tilbake.

Vedtak om tvangsmulkt

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 nytte tvangsmulkt som eit middel for å få gjennomført pålegg om retting:

«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg, herunder forbud, innen en særskilt angitt frist.»

Tvangsmulka går til kommunen har motteke skriftleg dokumentasjon/foto på at tiltaket er retta. Forfallen tvangsmulkt vil bli kravd inn utan vidare varsel. Tvangsmulka kan krevjast inn etter reglane i tvangsfullbyrdingslova § 7-2 e, som særleg tvangsgrunnlag, utan dom for kravet. Kommunen vurderer at sanksjonane er rimelege i høve det ulovlege tilhøvet, jf. plan- og bygningslova § 32-10.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om retting. Retting må skje ved at utført tiltak må fjernast. Pålegg om retting må vere etterkomen innan 28.02.19.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det vedteke slik tvangsmulkt:

1. Tvangsmulkt på kr 200,- per dag frå 01.03.19.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b

Varsel om førelegg

I medhald av pbl. § 32-3 (3) vert det varsla om at pålegg som ikkje vert etterkome innan fastsett frist, kan følgjast opp med førelegg. Etter pbl. § 32-6 kan førelegget få verknad som rettskraftig dom.

Med helsing

Siril Sylta

Per Sveinar Morsund

avdelingsleiar

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - GBNR 134/400 Hilland

Førehandsvarsel gbnr 134/400 Hilland

Mottakarar:

Storneset AS

Leknesvegen 9

5915

HJELMÅS

Storneset AS

Leknesvegen 9

5915

HJELMÅS